


Eg heiter **Tor**,
og i dag tidleg **målte**
mamma **meg**.

No er eg
99 centimeter
høg!



Det er nesten ein **heil meter**,
seier mamma.



Mamma er mykje **høgare** enn meg.

76 centimeter **høgare**.

Nasen hennar er **større** enn min,
og hendene hennar er også **større**.

Armane og beina er **lengre**.

Det er fordi


ho er **vaksen**.




A hairdresser in a white coat is cutting a child's hair. The child is sitting in a red chair, looking slightly nervous. The hairdresser is holding scissors and a comb. The background is a solid teal color.

vaksen betyr
at ein ikkje
veks lenger.

Berre håret
og neglene
fortset å
vekse
når ein er
vaksen.

A woman wearing a red dress with white floral patterns and a green handbag. She is standing on a light orange floor.

Nokre folk fortset å
vekse på midten.

A woman wearing a red and white plaid dress, sitting on a white bench. She is holding a pink object. A price tag is attached to the bottom of the dress.

Mamma seier at det
kunne ho godt tenkt
seg å vente
nokre år med.

Å vere **stor** har mange fordelar.



mamma **rekk**
for eksempel
opp
til kjeksboksen
på
kjøkkenskapet
utan stol.

Ho et alltid **meir** enn meg.

utanom **vanilje-is**, då.

Det kan eg ete **masse meir** av!

